

# Møte i politisk prosjektgruppe - eigarskap

**Dato:** 29.10.2018

**Tid:** kl. 11.00 – 13.00

**Stad:** Førde rådhus – møterom Angedalen 4. etasje

**Til stades:** Bjørn-Harald Haugsvær KrF Førde (leiar), Olve Grotle H Førde, Helge Robert Midtbø Ap Førde, Anders Kristian Sægrov H Jølster, Ragnhild Sæle Ap Jølster, Heidi Vallestad SV Gaular, prosjektleiar Ole John Østenstad

**Forfall:** Lena Kristin Eliassen Sp Naustdal, Oddmund Klakegg Sp Jølster, Gunn Merete Paulsen V Førde,

## Dagsorden

### 1. Godkjenning av referat frå møte 24. september 2018

Sjå vedlegg :



Microsoft  
Word-dokument

### 2. Godkjenning av innkalling og forslag til agenda

Innkalling og agenda vart samrøystes godkjent.

### 3. Kostnadsfordeling

Gruppa drøfta mogelege prinsipp som bør leggest til grunn når kostnadsfordeling skal drøftast på nytt i fleire av selskapa/samarbeida.

Dei fleste modellane i dag er basert på at ein del av kostnaden blir fordelt likt mellom kommunane uavhengig av folketal medan ein annan del av kostnadane blir gjerne fordelt etter folketal. Dersom det ikkje blir gjort noko med fordelingsnøkkelen, vil Sunnfjord kommune komme betre ut av det økonomisk enn dei kommunane som ikkje slår seg saman – dette kan i ein del tilfelle virke urimeleg.

Førebles konklusjon:

- Uaktuelt at kostnaden for Sunnfjord kommune (SK) skal auke med ny fordelingsnøkkel
- Dersom ein oppnår lågare kostnader pga samanslåinga, bør gevinsten i hovudsak tilfalle SK

### 4. Gjennomgang av «dei gule» selskapa

- **Alden hamneområde** – ok
- **KRYSS (revisjonen)**  
Fusjonsprosess på gang. Skal ha møte 12.november. Truleg kjem det forslag til nye vedtekter før jul.

Haugsvær og Østenstad inviterer til møte med dagleg leiar.

- **SEKOM** (sekretariatet for kontrollutvala)  
Er i gang med ein prosess for å sjå på nye vedtekter. Drøfta dette i styremøte 19. september



SEKOM-sekretariat -  
styresak 19 9 18.msg

Haugsvær og Østenstad inviterer til møte med dagleg leiar.

- **SYSIKL**  
Kostnadsfordelinga er OK gjennom nyleg gjennomført prosess. Gjer ingenting no med styresamansetjinga.
- **SYSIKT**  
Truleg vil Vik, nye Sogndal og Luster kommune gå inn i samarbeidet på lik linje med dei eksisterande 10 (7) kommunane. I den samanheng blir det arbeid med prinsipp for kostnadsfordeling.

Organisasjonsform – bør fortsette som før pga utvidinga. Aksjeselskap vil truleg skape utfordringar i høve offentlege innkjøpsreglar.

Det blir forventa ein gevinst/lågare kostnader som følgje av utvidinga.

- **SUM**  
Styret jobbar med organisasjonsform.  
Bør sjå på storleik og samansetjing av representantskapen. Styret: storleik, kompetanse – bør ein gå over til eit system med valnemnd for val til styret.  
Bør sjå på økonomiske forhold også – sjølvkostprinsippet, fondsoppbygging.

Det vart også tatt til ordet for at ein bør sjå på selskapsforma.

Haugsvær og Østenstad inviterer til møte med dagleg leiar/arbeidsgruppe/styreleiar.

- **Musea i Sogn og Fjordane**  
Bør betale som om vi er fire kommunar. Komplisert system for kostnadsfordeling som truleg kjem til drøfting i nytt fylke.
- **Folkehelseavdelinga** (Vertskommunesamarbeid Flora kommune)  
Fungerer godt og SK bør avvente å ev. seie opp avtalen med Flora kommune. Østenstad avklarar med fagmiljøet i SK. Må også vurdere økonomi ved ev. å ha denne tenesta i eigen organisasjon.
- **Krisesenteret**  
Østenstad sjekkar kostnadsfordelinga til neste møte.

- **Veterinærvakta**

Bør truleg fortsette som i dag der Naustdal er ein del av Flora og Bremnager sitt samarbeid.

Østenstad sjekkar med fagmiljøet.

- **Innkjøpssamarbeidet**

Østenstad orienterte. Innkjøpssamarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI) vert truleg lagt ned. OJØ har tatt kontakt med rådmannsutvalet i KS og bedd dei ta initiativ til å utgreie eit alternativ. Kjem opp som sak i neste møte i rådmannsutvalet.

- **Brannorganiseringa**

Østenstad orienterte om nye modellar for å organisere brannberedskap og førebyggjande som følgje om forslag om nye krav til kommunane om bemanning (min 3 heiltidsbefal i kvar kommune/samarbeid). Det er utarbeidd ein rapport av PwC som skal presenterast på Skei 5. desember.

**5. Vidare framdrift**

Møtet 19. november blir utsett, og vi prøvar å få til eit nytt møte i desember med sikte på konklusjon i fellesnemnda i februar.

Førde 29.10.18

Ole John Østenstad  
Prosjektleder